

Råd ved utbrot av gastroenteritt

På stader der mange bur tett, for eksempel ved mottakssenter og asylmottak, kan utbrot av omgangssjuka og diaré spreie seg fort og mange personar kan raskt bli sjuke. Utbrot skuldast vanlegvis virus, men kan også kome av spreining av bakteriar. Som regel går symptomona over etter nokre dagar. Ved behov bør ein kontakte helsepersonell.

For å førebygga at smitte spreier seg er det viktig at alle er nøye med å vaska henda ofte og grundig med såpe og vatn. Handdesinfeksjon med alkohol er ikkje like effektivt som handvask.

For å førebygga vidare smitte til andre bør dei som er sjuke:

- vaske henda nøye etter toalettbesøk, før måltid og før matlaging
- ha tilgang til eige toalett
- prøve å unngå kontakt med andre bebuarar når dei har symptom
- ikkje ete i felles matsserveringsstad, men få mat servert eller porsjonspakka
- ikkje lage mat til andre bebuarar

